Alsaker Fjordbruk er eit lokalt forankra havbrukskonsern med hovudkontor på Onarheim i Tysnes kommune. Me tek hand om laksen frå rogn til ferdig pakka produkt, og har aktivitet i 14 kommunar mellom Stavanger og Bergen. Me er eitt av landets største oppdrettskonsern, med 23 matfiskkonsesjonar, 4 settefiskanlegg, slakteri, rensefiskproduksjon og ein stor flåte av moderne servicebåtar.

Alsaker er ein del av Meidell konsern, som forutan havbruk, omfattar offshoreservice-verksemda Tronds Marine Service, drift av eigne næringseigedomar samt bygde- og eigedomsutvikling. Me har om lag 1,7 milliard NOK i omsetning og er om lag 300 tilsette i Hordaland og Rogaland. Les om oss på www.alsaker.no

Rogaland Fjordbruk AS har pr. i dag matfiskproduksjon på 6 lokalitetar i Rogaland; Bjelkavik, Borgarli, Vintravik (Ropeidhalvøya), Ilholmane, Ådnøy og Rossholmen. Anlegga på Ropeidhalvøya har 10 tilsette, og me treng no fleire dyktige driftsoperatørar til desse sjøanlegga. Dagleg utfart vert anten frå Hebnes eller Nedstrand, Vikedal eller Kvaløy og Ørestrand.

Fokuset vårt er å tenka enkelt, og gjera det me er best på, nemleg produsere laks og skape vekst og utvikling i lokalsamfunnet ditt.

Driftsoperatør matfisk

Dagelege arbeidsoppgåver:
- Produksjon av sunn og god mat til kundar over heile verda
- Fôring, kontroll og stell av laks og rensefisk
- Drift og vedlikehald av teknisk utstyr og anlegg
- Produksjons- og kvalitetsoppfylging
- Operere båt, kran og anna mekanisk utstyr
- Deltaking i helgevaktsordning

Ynskjelege kvalifikasjonar:
- Relevant utdanning og /eller erfaring innan akvakultur
- Engasjert og initiativrik
- Er sjølvstendig og fleksibel, med evne til å stå på når det trengs
- Sjømannskap/teknisk innsikt,
- Fordel om du har VHF, G20, trucksertifikat og begrensa sikkerhetskurs
- Løysingsorientert med gode samarbeidsevner
- Likar utearbeid i all slags vêr og vind

Me kan tilby deg:
- Jobb i eit av dei leiande norske oppdrettsselskapa for produksjon av laks
- Utfordrande arbeidsoppgåver i eit triveleg og hektisk miljø
- Naudsynt opplæring
- Konkurransedyktige vilkår
- Arbeid i eit spennande miljø

Me oppmodar personar med lokal tilknyting om å søkja!

For nærare opplysningar om stillinga ta kontakt med driftssjef Sigmund Sundal på tlf. 99 21 01 35

Registrer din søknad på www.alsaker.no
Søknadsfrist er snarast og innan 21. februar 2020

Alsaker Fjordbruk

www.alsaker.no